

Bergen, 07.01.22

Vår ref: 2021/1447  
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref: 21/18962

Fiskeridirektoratet region Vest

## Alver, Skjelanger – høyring om etablering av oppdrettsanlegg – uttale

Visar til brev av 15.12.21, med vedlegg, frå Fiskeridirektoratet region Vest om ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

### Generelle merknader

Fiskarlaget Vest registrerer at ein får mange søknadar om endring av lokalitetar, auka biomasse på eksisterande lokalitetar, samt søknadar om nye lokalitetar. Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok avgrensar tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at forholda blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Styresmaktene må ikkje føre bit-for-bit-politikk. Ein må vurdere heilheitlege effektar og kva eit større område toler av akvakultur, i tillegg til anna utslepp til sjø. Styresmaktene må definere kva som er akseptabel negativ innverknad på anna næring.

Akvakulturnæringa må velje gode lokalitetar som ikkje er i konflikt med andre næringar, slik at ein ikkje forureinar eit område for deretter søkje om ny/justert plass. Ein må **unngå** både **arealkonflikt** og forureining/negativ påverknad på **viktige økosystem og fiskeriområde**.

Akvakulturnæringa må vere bevisst på bruken av midlar til avlusing og sjukdomsbehandling. Det er påvist at kjemiske midlar mot lakselus òg har negativ innverknad på marine krepsdyr: <https://www.hi.no/hi/temasider/arter/lakselus/miljoeffekter-av-lakselusmidler> . Desse effektane kan òg indirekte ha innverknad på andre artar i form av svekking av økosystem.

Ein registrerer at det er forskning på alternativ lusebekjemping utan bruk at kjemiske midlar. Det er derimot viktig at ein igjen ser dei heilheitlege effektane. Ein må vere bevisst på anna typar forureining som til dels lyd- og lysforureining, som kan påverke vandrings- og åtferdsmønster til sjøartar.

Akvakulturnæringa må sørgje for at arealbeslaget på sjøbotn, i form av fortøyingar, blir avgrensa mest mogleg. Ein ynskjer å peike på at bolting (ikkje boltar som fiskereiskap kan hefte i) kan avgrense ankringsområdet.

Det er viktig at akvakulturlokalitetar og tilhøyrande fortøyingar/fester som ikkje er i bruk, blir fjerna. Med dagens fokus på plastforureining i sjø må ein òg førebyggje mest mogleg. Det kan vere dyrt og vanskeleg å rydde opp i ettertid.

### Skjelanger

Det er her søkt om etablering av nytt oppdrettsanlegg ved Skjelanger med maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 3900 tonn. Omsøkt anlegg består av 10 merdar med flytekrage på 160 meter i omkrets på kvar merd. Området er i tidlegare Meland kommune sin arealdel til kommuneplanen registrert som FEFIKFR\_1 (ferdsel, fiske, akvakultur og friluftsområde) og FEFI (ferdsel og fiske).

I føresegnene til tidlegare Meland kommune sin kommuneplan står følgjande under punkt 3.3.6 *kombinererte føremål i sjø og vassdrag*:

«Inngrep eller tiltak skal vurderast som enkeltsaker, dei kombinerte føremåla gjeld likestilt der anna ikkje er nemnd.

- FEFIKFR-1 –tiltak eller inngrep kan ikkje tillast på stader som kjem i konflikt med fiske, ferdsl, friluftsliv eller akvakulturintersser»

Under punkt 3.3.2 *Fiske* står det følgjande:

I fiskeområde går fiske framfor annan bruk av området. Det kan ikkje tillast tiltak som er til ulempe for fiske innafor området.

Det er i Fiskeridirektoratet sitt kartverkøy registrert reketrålfelt, gyteområde for torsk, område for passive fiskereiskap, samt fleire kaste- og låssettingsplassar som indikerar at område er brukt til notfiske. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert.

Eksisterande lokalitet Toska S har fått løyve til å flytte lenger sør i Mangersfjorden. Lokaliteten inkludert fortøyingar beslaglegg, saman med andre lokalitetar i området, store areal som har vore nytta til fiske. Dette gjer at yrkesfiskarane må nytte andre areal til fiske. Ein kan opplyse om at det i omsøkt område blir drive fiske etter sjøkreps, breiflabb og brosme med m.a. teiner og garn, i tillegg til anna fiske.

I tillegg vil ein opplyse om at området blir brukt som «notvaskeplass» i tilknytning til notbøteriet ved Manger. Ytterlegare arealbeslag frå eit nytt akvakulturanlegg vil kunne øydelegge vidare bruk av området til vask av not.

Ein visar til dei generelle merknadane i høve heilheitleg planlegging og at ein ser større område under eitt (òg på tvers av kommunegrensar) ved vurdering av verksemd og tiltak i sjø. Det må i kvar enkelt sak bli tatt ei vurdering av både akseptabel total arealbeslag i område og verknad på miljø. Fiskarlaget Vest er svært skeptisk til etablering av eit nytt akvakulturanlegg i eit område kor det allereie er etablert fleire akvakulturanlegg, samt at det er fleire tersklar i nærliggande område. Ein er spesielt uroa for, i tillegg til arealbruken, innverknaden av utslepp frå anlegga og risiko for sjukdomsspreiing, og dermed auka bruk av legemidlar som kan ha negativ effekt på økosystemet i sjø. I tillegg er det viktig å unngå utslepp ved rekestrålfelt (naturgjevne område).

Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

Fiskarlaget Vest meiner at aktørane må ta vare på og utnytte eksisterande tildelte areal. Om det i tillegg er behov for utviding meiner ein at det mest sannsynleg vil vere til mindre ulempe for utøving av yrkesfiske om ein vurderer mindre utviding ved eksisterande anlegg kontra å beslagleggje eit av få område som er fritt for fortøyingar og akvakulturanlegg. Ein forutset at ein får slike saker til høyring med gode kart over eksisterande situasjon og omsøkt endring.

Med bakgrunn i ovannemnde går Fiskarlaget Vest i mot nyetablering i området.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest


Britt Sæle Instebø  
*Dagleg leiar*

Eirin Kongestøl Espeland  
*Rådgjevar*


Kopi: Nordhordland Fiskarlag  
Alver kommune  
Statsforvaltaren i Vestland  
Vestland Fylkeskommune




Utsnitt Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy



Utsnitt tidligere Radøy kommune sin arealdel til kommuneplan



Utsnitt Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy – fiskeriinteresser



Utsnitt søknadskart